

12.09.2013

NVE – Konsesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

Vikaelva kraftverk, Stryn kommune
Søknad om endra minstevassføring

I konsesjonsøknaden 01.06.2007 var det i kap. 2.2 Reguleringar og overføringar føresett at den vestlege delen av nedbørsfeltet i Vikaelva (Holevatnet og Sandalselva) som tidlegare er overført til Svingesetvatnet (Dalane kraftverk), skulle tilbakeførast til Vikaelva og utnyttast i Vikaelva kraftverk. NVE har bestemt at tilbakeføringa må skje etter avtale med Stryn Energi AS.

Etter at det vart gitt konsesjon 26.06.2008 har det pågått forhandlingar mellom partane, men utan resultat og kraftverket vart sett i drift 06.09.2013 utan tilbakeføring av det vestlege nedbørsfeltet.

Oversikt over nedbørsfelt og tilsig

	Areal km ²	Spes. avløp l/s/km ²	Tilsig Mill m ³ /år
Det vestlege nedbørsfeltet	4,3	105	14,2
Nedbørsfelt som vert utnytta i kraftverket	10,3	77	24,9
Sum nedbørsfelt i konsesjonen	14,6	85	39,1

Søknad om endra minstevassføring

NVE har fastsett minstevassføringa til 50 l/s i perioden 01.10-30.04 og 200 l/s i perioden 01.05-30.09. Vi går ut frå at minstevassføringa er fastsett under føresetnad om tilbakeføring av det vestlege nedbørsfeltet og vi finn det urimeleg å sleppe så stor minstevassføring når kraftverket berre utnyttar 64 % av det tilsiget som låg til grunn for pålegget om minstevassføring.

På vegne av Vikaelva Kraftverk AS ber eg om at NVE reduserer kravet til minstevassføring til 32 l/s i perioden 01.10-30.04 og 127 l/s i perioden 01.05-30.09 og at denne minstevassføringa skal gjelde inntil det vestlege nedbørsfeltet (Holevatnet og Sandalselva) er tilbakeført til Vikaelva.

Med helsing

Ing Hermod Seim AS



Kopi: Vikaelva Kraftverk AS v/Halvard Bøe, 6783 Stryn

Vedlegg: Kart og 2 foto over nedbørsfeltet



Holevatnet

overføringskanal til Svingesetvatnet →

Svingesetvatnet

0 0.4 km





← Vikaelva kraftverk

tørrlagt elveløp Sandalselva →

← tørrlagt elveløp fra Holevatnet

→ Sandalselva

← overføringskanal fra Holevatnet